

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

~~A~~ Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kusmor Anna Skjæveland, Bjerkreim, 77 år gammel

SVAR

I Lynging.

A. Lyng vert sankt.

1. Summe slår sumo lyng og kôyrer han heim, serleg i dårlege høyer. Summe slo lyng under siste verdenskrigen.

2. Dei fleste slår lyng om hausten, men det har hendt at summe har slege litt om vinteren når det minskar for mykje på høyet. Arbeidet kallar me: å slå lyng, lyngslått.

3. For nytta mange ein lyngkjæ dei slo med langorv, no brukast meir nye vanlege gjær og langorv.

4. Dette er mannfolk-arbeid, kvinnene er sume gonger med og rakar lyngen saman.

5. Dei kôyrer heim lyngen på slede, dei som har kôyreveg attmed lyngslåttan brukar langkjerra eller høvogn.

6. Lyngen vert lagd opp i sooler i lora eller på låven. (Sool = høg lagd opp langs veggen ^{høye emn} over manns høgde og kring 1-2 m. breidt)

7. Det er saue og kyrne som får lyng og dei får han som han er.

9. Lyngen må vera stutt og ung for å vera god. Gamal lyng med lange stilkar er ikkje god.

B. Lyng som beite.

1. Sauene går ute heile vinteren så snart det ikkje er formykje snø, då er lyngbakkane gode beite for dei. Det kan hjeffa at sauene sume slepper ut kyrne varme vinterdagar så dei skal få riva i seg litt lyng. Men det er langt frå vanleg.

2. Det er sauene (og geitene) som går ute på lyngbeite.

3. Hvar dag, så sant det er ute verande, er sauene ute i marka, anten ein har mykje eller lite fôr.

4. Beitemark utan lyng er rekna for å vera ei dårleg mark til vinterbeite.

“Eg kan med same nemna at for 100 år sidan slo dei gamal lyng og breidde han oppå kühovda i hevdaffjaset, oppå den gjekk så sauene om vinteren. Dei “breidde innå” med lyng, sa dei.”

II Mosing

Her er ikkje reinmose, så me kjenner ingen ting til mosesanking. Men me har ei gamal barnesong, som visstnok er lokal og svært gamal, kanskje den peika attende på mosebeite i farne tider:

3. 3
„Svein Toreson hadde ei älete geit
den kalte han Grima.

Han styrde òg oppå Stauraffjell
hü sko' knaga mosen a steina.

Knaga di kje vel, så svelté di i hel,
det sa'e han Svein Toreson."

För då dei slo fjellslätt, rosthøj eller roste
(med kong o) kom det mykje myrrose
saman med höyet när dei slo myrane.
Denne mosen likte ikkje krötra. Sauene
jelte or kvart höysträet, men let
smäpinnane og mosen liggja att. Dette
"boset" brukte ein så til å breida
inder sauene og kalvane med.

